

NotatDato: 12.11.2018
Arkivsak: 2016/4901-5
Saksbehandlar: hanalve

Til: Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for "prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten"

I samband med budsjetthandsaminga for 2016, bad fylkestinget i Hordaland fylkesrådmannen gjennom Skyss om å etablera eit eige prosjekt for å redusera snikprosenten i kollektivtransporten i fylket. Fylkesrådmannen la i oktober 2016 fram rammes for prosjektet, og fylkestinget gjorde 5. oktober 2016 følgjande vedtak i politisk sak 77/2016:

- Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten i tråd med dei framlagte rammene for prosjektet.
- Fylkestinget ber om sak der ein ser på ulike modellar for kontroll av kollektivreisande. Herunder bruk av eigne kontrollørar og kostnader knytt til det.

I politisk sak 44/2017, handsama i Fylkestinget 13. juni 2017, vart status for arbeidet med «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten» presentert, og følgjande vedtak vart fatta:

- Fylkestinget tar status for arbeidet med «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten» til orientering.
- Noverande modell for billettkontrollar vert vidareført, med dei endringane som vert gjort som følge av «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten».

I denne meldinga vert det gitt ein ny status for arbeidet, etter at ny kontrakt om billettkontrollar er sett i drift og ein har gjennomført såkalla teljekontrollar.

Førebelse resultat frå teljekontrollane syner at andelen som reiser utan gyldig billett er langt høgare enn det som tidlegare har vorte avdekkja gjennom ordinær kontrollverksemd. Samstundes vert det gjennomført langt fleire kontrollar enn tidlegare, i tråd med måla i «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten». Det er for tidleg å seie om fleire kontrollar vil ha ønska effekt i form av lågare snikprosent, men dette vil sjølvstøtt verte følgt nøye opp framover.

1. Bakgrunn for prosjekt "reduisert sniking i kollektivtransporten"

I samband med budsjetthandsaminga for 2016, bad «Hordaland fylkesting [...] fylkesrådmannen i samarbeid med Skyss om å etablere eit eige prosjekt for å redusere snikprosenten i kollektivtransporten i fylket.»

Skyss gjennomfører gjennom underleverandør ei rekke billettkontrollar på buss, båt og bybane kvart år. Målet med desse kontrollane er å førebygge snik og slik bidra til å auke talet på betalende passasjerar. Samstundes har kontrollørane ei rolle i å førebyggje feilsal, rettleie dei reisande og bidra til ei trygg og hyggeleg reise for alle.

Den reisande er sjølv ansvarleg for å kunne vise fram gyldig reisebevis og dokumentasjon dersom ein har krav på rabatt under heile reisa. Kundar som ikkje kan vise gyldig billett ved kontroll må betale 950 kroner om dei gjer opp på staden, eller 1150 dersom dei vel å få tilsendt faktura.

Tre hovudformar for billettkontroll er utført i 2018:

- Tilgangskontroll - alle som skal gå om bord på transportmiddelet må vise gyldig billett når dei går om bord. Dei som ikkje har gyldig billett, må enten kjøpe billett eller blir vist bort frå transportmiddelet. Det vert ikkje skrive ut gebyr
- Ombordkontroll - ordinær billettkontroll om bord i transportmiddelet. Slik kontroll vert utført av kontrollørar i uniform eller sivil
- Teljekontroll - teljing av reisande. Desse kontrollane har til føremål å telje kor mange av dei reisande som har og ikkje har gyldig billett, og vil framover verte brukt som mål for snikprosenten i Hordaland. Det vert ikkje skrive ut gebyr.

2. Status for avvik

Per 3. kvartal i 2018 er om lag 400 000 personar kontrollerte i ordinære billettkontrollar fordelt på 133 linjer inkludert buss, bybane og båt. Det har også vore gjennomført såkalla storkontrollar, som er lukka kontrollar der det vert skrive ut gebyr.

I tillegg er det gjennomført to teljekontrollar, ein i juni og ein i mars. Desse kontrollane har til føremål å telje kor mange av dei reisande som har og ikkje har gyldig billett. Det vert ikkje skrive ut gebyr. Til saman er nesten 15 000 personar kontrollerte i desse kontrollane.

Som det går fram av figuren under, er det ein langt høgare del av dei reisande som manglar billett enn det ein har fått avdekka tidlegare år gjennom ordinære kontrollar. Dette kan ikkje tolkast som at fleire reiser utan gyldig billett no enn tidlegare, sidan denne metoden ikkje har vore i bruk før.



Fig. 1: Faktisk betalingsavvik totalt for Skysst – basert på teljekontrollar.

Om lag 11 prosent av dei reisande som er kontrollerte i teljekontroll manglar gyldig billett. I tillegg har om lag 2 prosent kjøpt billett for seint og knappe 1 prosent manglar tilleggsbevis. For nesten 2 prosent av dei kontrollerte er det oppdaga andre avvik, som til dømes misbruk av skulekort, vaksen som reiser med barnebillett, periodebillett som ikkje er aktivert mv.

I tala kan ein sjå til dels store variasjonar mellom kontraktsområde, sjå figur 2. Ein ser også at talet som reiser utan gyldig billett er høgast mellom klokka 17 og 22, sjå figur 3.

Desse variasjonane vert brukt som grunnlag i planlegginga av den vidare kontrollverksemda.




Fig. 2: Betalingsavvik fordelt på kontraktsområde.




Fig. 3: Døgnvariasjon i betalingsavvik.

3. Haldningar i befolkinga

Skyss har i 2018 gjennomført ei ny undersøking om haldningar og betalingsvilje¹, denne viser mellom anna at:

- 87 prosent er einige i at «det er like viktig å betale for transporttjenester som for andre tjenester»
- 67 prosent har tillit til medarbeidarane i billettkontrollen
- 14 prosent er einige i at det er «sosialt akseptert å ikke å betale», dette er ei auke på 5 prosentpoeng frå 2015. Andelen er enda høgare blant dei unge
 - Også i faktiske tal for betalingsavvik, ser ein at dei yngre betalar sjeldnare enn dei eldre
- Heile 21 prosent meiner det er sosialt akseptert å reise korte turar utan å betale
- 60 prosent seier at «det er absolutt ikke aktuelt for meg å reise uten billett», dette er ein nedgang frå 66 prosent i 2015
 - Berre 28 % av dei unge er einige i påstanden, ein nedgang frå 40 prosent i 2015




Fig. 4: Betalingsavvik fordelt på aldersgrupper.

Resultata frå undersøkinga kan tyde på at aksepten for å reise utan gyldig billett har vorte større. Det er gått tre år sidan førre undersøking, og resultata kan tolkast som at haldningane ikkje har endra seg sjølv om dei spurde er blitt eldre sidan sist. Det er likevel viktig å hugse at dei aller fleste ønsker å betale for seg og meiner det ikkje er aktuelt å reise utan gyldig billett.

Skyss planlegg ein ny haldningskampanje mot snik, som vil verte lansert mot slutten av 2018. Her vil ein legge vekt på at dei som ikkje betalar for billetten snyltar på andre.

¹ Undersøking om betalingsvilje for kollektivtilbodet i Hordaland gjennomført av Opinion på oppdrag frå Skyss i juni 2018. To online fokusgrupper med studentar og folk i jobb, primært under 30 år og web-undersøkingar i befolkinga i Hordaland, totalt 1029 intervju i befolking og 253 kundar.



Fig. 5: Foreløpige skisser til ny haldningskampanje mot snik.

4. Inntektssikring - meir enn billettkontrollar

Betalingsvilje og sikring av inntekter heng tett saman med opplevinga av Skyssticket og kollektivreisea.

Ei fersk måling utført av Opinion på vegne av Skyssticket viser at Skyssticket sitt omdømme har ei positiv utvikling og er noko betre enn for norske verksemdar generelt². 15 prosent seier dei har eit svært godt inntrykk av Skyssticket, noko som er ei signifikant betring frå 2017. 17 prosent seier dei er svært nøgde med kollektivtilbodet, dette er også signifikant fleire enn i 2017.

I same måling ser ein at fleire enn tidlegare meiner at det er lett å finne, forstå og bruke/få kjøpt Skyssticket sitt rutetilbod og reiseprodukt, og at fleire synest det er rimeleg å reise kollektivt med Skyssticket.

Det å gjere det enkelt å betale for kollektivreisea er ein viktig del av kollektivstrategien for Hordaland, og også eit svært viktig verkemiddel for å få flest mogleg til å kjøpe billett.

5. Fylkesrådmannen sin vurdering

Førebelse resultat frå teljekontrollane syner at andelen som reiser utan gyldig billett er langt høgare enn det som tidlegare har vorte avdekkja gjennom ordinær kontrollverksemd. Samstundes vert det gjennomført langt fleire kontrollar enn tidlegare, i tråd med måla i «prosjekt redusert sniking i kollektivtransporten».

I 2018 vil ein gjennomføre eit langt høgare tal kontrollar enn ein har gjort i tidlegare år, og i 2019 er det planlagt ei ytterlegare opptrapping. Det er for tidleg å konkludere med at fleire kontrollar har effekt i form av lågare snikprosent og auka inntekter til Skyssticket, men dette vil verte følgt nøye opp i det vidare.

² Merkevaremåling 2018, gjennomført av Opinion på oppdrag frå Skyssticket. Webundersøking i veke 37-40, 1002 respondentar.